



Halldor Gislason - til oppfølging

Dato: 22.06.2007

Vår ref.: 06/563-14/K2-K44//SKS

Saksbeh. e-post:

sks@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 134

Melding om vedtak

Lokal forskrift om hundehald i Forsand kommune i Rogaland

Forsand kommunestyre behandla saka i møte den 20.06.07, og gjorde følgjande vedtak:

KS-033/07 Vedtak:

Forsand kommune fastsett følgjande forskrift om hundehald i kommunen:

§ 1. Føremål

Forsand kommune vil med denne forskrifta:

- Leggja til rette for eit hundehald som vektlegg tryggleik og alminneleg ro og orden
- Redusera konfliktnivået mellom hundeeigarar og ålmenta
- Medverka til at spesielt barn ikkje vert skremd eller skadd av hundar
- Medverka til at hundar ikkje jagar bufe på beite
- Verna viltet under ekstraordinære tilhøve.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta omfattar reglar for hundehald i Forsand kommune.

Lovføresegner om sikring av hundar

§ 3. Om bandtvang

Hundar skal haldast i band, innestengd eller inngjerda:

- a) I bustad- og handleområde og ved offentlege institusjonar - heile året
- b) På offentlege gang- og sykkelstiar – heile året.
- c) I område der bufe går på beite, - frå og med 1. april til og med 15. oktober.

Unntatt frå bandtvangsreglane etter § 9 i hundelova er dressert bufhund når den vert nytta til å driva bufe, hund i aktiv politi og redningsteneste, eller under trening eller under prøving for slik teneste og hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra eller sjukt dyr.

§ 4. Om område der hundar ikkje skal ha tilgjenge:

- a) Barnehagar
- b) Kyrkjegardar
- c) Skulegardar.

Unntatt frå denne paragraf er førarhundar for blinde og politihundar i aktiv bruk. Andre hundar har berre tilgjenge om det er i undervisningssamanheng og er etter avtale med ansvarleg for skule eller barnehage.

§ 5. Unntak frå sikringsreglane

Forsand kommune kan etter søknad gje unntak frå bandtvangsreglane i hundelova, § 4, § 6 og § 7, når dette er naudsynt til:

- a) Organisert bruk av hundar til takserings- og forskingsarbeid
- b) Organisert trening av hundar.

Andre lovføresegner

§ 6. Om reinhald

Hundehaldar har plikt til straks å fjerne ekskrement som hunden etterlet seg på veg, fortau, park, bru, brygge, kai, strand, turveg, annan manns hage, anlegg eller annan offentleg stad som vert nytta av ålmenta.

§ 7. Virkning

I dei tilfelle som det ikkje finnes dekning for i forskrifta, gjelder Hundelova.

§ 8. Straffe

Ved overtreding av forskrifta gjelder § 28 i Hundelova

§ 9. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft den same dato som den vert lyst i Norsk Lovtidend.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Siw Kristin Sundheim
personalrådgjevar

Kopi til:

Halldor Gislason